

## Jarnvegen Bøfs=Vit=Otta vil kosta 382 millionar kr.

For ei lengd på 300.6 km. 25.7 mill. kr. til rullande materiell.

Som me nemnde i førre nr. er det lagt fram Stortingsmelding om dei jarnbanekrava som ligg føre. Heile planen er kostnadsrekna til 4487 mill. kr. for anleggsutgifter, rullande materiell m. m., og elektrifiseringa er kostnadsrekna til 644 mill. kr. Heile summen vert såleis på 5.131 mill. kr. Etter prisnivået i 1948 er det rekna med 150.000 kr. i utgift til elektrifisering av ein km. jarnveg.

Om planen for jarnbana Bøfs—Vit—Otta heiter det i stortingsmeldinga m. a. at lina etter utgreininga frå Bøfs skal fylgja vestfida av Lønevatnet og fram til Vinje stasjon. Derfrå byrjar maksimumsopptrekket i 25 % opp til Myrkdalsvatnet, og held fram med 20 % stigning langs vestfida av vatnet fram til Myrkdal haldeplass 28 km. på fote 391 m. over havet. Vidare går lina i godt terreng og svingar inn i Rvasdalen, der det vert bru over til austfida av dalen og fram til Holoa haldeplass. Derfra stig lina opp til 573 m. v. h., som er høgste punktet. Lina kryssar atter Rvasdalselva i bru og går inn i stortunnelen under høgjellsplataet. Tunnelen er delt i to med lengder på 9.4 og 6.9 km. Første stykka av tunnelane vert horisontale, men elles ligg dei i 22 % fall ned mot Vit. Ved nordre tunnelutslaget er rekna med Refsdal haldeplass ved 54 km. Herfrå går lina nordover og inn i Dvridsdalen på vestfida, svingar inn i ein 1.3 km. vendetunnel og går så austover, kryssar dei to armane av Bødalselva og vidare tvers gjennom Vit-bygda, over Vitja og held fram på austre sida av dalføret ned til flata oppom Betløyri, der Vit stasjon er planlagd med tilknytting til ferjekaien. Derfrå vert det så 22 km. lang ferjeveg til Hermansvert.

Om Jostedalslina heiter det at ferjekaien på Hermansvert skal vera i Pilaviki med stasjon straks austanfor. Lina går så for det meste på oppsida av vegen innover til Nordnes, der jarnvegen skal koma nedom riksvegen. Lina fylgjer fjøkanten, rundar neset og kjem fram til Olmheim haldeplass. Deretter går lina vidare innover langs fjorden, kryssar Fardalselva på bru, rundar Bondeviki og kjem fram til Sogndal stasjon. Derfrå går lina langs fjorden ovanfor riksvegen fram mot Barsnesfjorden og bøyer inn i Urøydalføret. Med 22.5 og 14 % stigning går jarnvegen opp langs sørsida av Hafflovatnet fram til Rjos st. Derfrå går lina opp i 260.7 m. og inn i ein 2.43 km. lang tunnel. Midt inne i tunnelen byrjar maksimumsfallet nedover til Gaupne. Fet haldeplass er markert ved 40.5 km. Her forlet lina dalbotnen og vert liggjande høgare og

høgre oppe i hellinga mot Gaupnefjorden om lag 100 m. oppe. På grunn av skred- og rasfare er lina her lagd inn i fjellet, og etter å ha gått gjennom ein 3.06 km. lang tunnel kjem jarnvegen fram ved Røneid st., 47.3 km., for Gaupne, Marifjøra og Luster.

Vidare fylgjer lina oppover Jostedalen, kryssar Sonndøla og Langdøla, går framom Dyagjerdet, Leirmo, Leirdøla og kjem fram til Allsmo st. Lina held så fram til Myklemyr st., som truleg vert hovudstasjon for Jostedalen. Frå Myklemyr går lina vidare på vestsida av elva til Sperle st., derfrå til Krokgleiet. Derfrå vert det opptil 22 % stigning og fleire tunnelar til lina litt sør for Jostedal kyrkje går over på austsida av elva og held fram til Bjørk st., om lag 201 m. o. h. Derfrå byrjar maksimumsopptrekket til Sandspiki. I om lag 408 m. o. h. når lina Bjørnheim haldeplass, går gjennom fleire tunnelar og bru over elva fram til Fåbergstøl haldeplass 512 m. o. h. Derfrå byrjar utviklinga av lina til å nå opp i høgste punktet ved Svartbyvatnet 914 m. o. h. Om lag 1 km. frå Fåbergstøl haldeplass går lina inn i ein 4.08 km. lang tunnel, går over elva, og lina kurvar 180 ° og går inn i ein 4.327 m. lang tunnel fram til Dyafeter haldeplass, 750 m. o. h. i Sprangdalen. Derfrå går det vidare i ein 7.75 km. lang tunnel og kjem endeleg opp til det før nemnde Svartbyvatnet, som er høgste punktet.

Frå Svartbyvatnet til Otta går lina til Liavatn haldeplass, til Bråtåvatn haldeplass, til Nordberget st. Langs Ottavatnet skal lina gå på sørsida. Fram til Otta vert det desse stasjonane: Skjåt, Lom, Garmo, Jesfsand, Bågåmo og Lalm, og Veggum haldeplass.

Byggjelengda Vos—Vit er 66.6 km., Hermansverk—Otta 234.01 km. Kostnaden av Vos—Vit er rekna til 106.800.000 fr., og Hermansverk—Otta 275.200.000 fr. Heile kostnaden vert såleis 382 mill. fr. Av dette er 25.700.000 fr. til rullande materiell.



Sogn og Fjordane.  
Leifanger, fredag 17. des. 1948.